



VENSTRE

PROGRAM FOR TIME VENSTRE 2019-2023

På lag med framtida – grøn framtid i Time

Time Venstre ønsker at Time skal vera ein grøn føregangskommune, der det er godt å veksa opp og godt å bu. Me satsar på skule og oppvekst, på gode velferdstilbod og aktiv fritid. Vår politikk byggjer på sosialliberale verdiar, som foreinar fridom for den enkelte med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me er på lag med framtida, og det betyr at me må ta kraftige grep for å redusera utslepp og ta vare på naturen. Å verna matjorda på Jæren og sikra biologisk mangfald er viktig både for kloden og for oss lokalt.

1. Ta vare på naturen

Klimaendringane krev handling nå og må stå øvst på agendaen for å sikra framtida til kloden. Time Venstre vil at Time skal bli ein klimamessig føregangskommune.

1.1 Klima, miljø og naturvern

Time må arbeida målretta med å redusera utslepp og verna om naturressursar. Ved innkjøp og nybygging skal ein alltid velja den mest klimavennlege løysinga og den best tilgjengelege teknologien.

Time Venstre vil:

- kutta kommunens utslepp med minst 50% innan 2030
- prioritera arbeidet med ny klimaplan for Time, og få med ambisiøse og offensive mål og tiltak i planen for å skapa ei grøn framtid
- få utarbeida årleg tilstandsrapport for klima og miljø, og gjennomføra ein årleg klima- og miljødebatt i kommunestyret
- støtta opp om lokale initiativ som set klima, miljø og naturvern på dagsorden.
- arbeida for at både kommunale og private bygg skal ha tilgang til grøn energi
- ha ein gjennomgang av kommunale bygg for å vurdere om taka kan vera eigna til å produsera solenergi (solceller til straum eller solfangarar til oppvarming av vatn)
- stilla krav om tilgang til alternative energikjelder når nye område skal byggjast ut
- setja ambisiøse mål ved nybygging, både når det gjeld energibruk og miljøvenlege materiale
- gje reduksjon i gebyr for å handsama byggesaker for lågenergi- og passivhus
- vurdere økonomiske støtteordningar for innbyggjarar som gjennomfører energieffektivisering eller omlegging til grøn energi, og støtta initiativ for produksjon av miljøvennleg energi
- fasa ut bruk av eingongsplast i kommunen
- fasa ut bruk av gummigranulat i kunstgrasbanar

1.2 Jordvern, arealpolitikk og biologisk mangfald

Nedbygging av matjord kan ikkje gjerast om. Etterkomarane våre må kunna produsera mat på eiga jord. Time Venstre vil verna dyrka og dyrkbar jord.

Time Venstre vil:

- at framtidig bustadutbygging må gå over Lyefjell og Njåfjell med god tilgang til tur- og friområde
- at Tangen framleis skal vera jordbruksjord
- at utbygging på Bryne må skje gjennom fortetting. Grensene for arealutviding her er nådd
- ta vare på friareal ved fortetting

- setja av nok friareal ved planlegging av nye bustadfelt
- vera positiv til utvikling av nærings- og bustadtomter i krinsane så lenge det ikkje kjem i konflikt med jordvern og friområde
- arbeida for eit reint Frøylandsvatn med god vasskvalitet
- fylgja opp arbeidet i Jæren vannområde for å betra vasskvaliteten i elvar og vatn
- verna om alle naturtypar og biologisk mangfald
- arbeida for å verna raudlista artar og fjerna svartlista artar
- ta vare på bier og humler, mellom anna ved å planta blomar for pollinerande insekt og forby sprøyting med gift
- vera kritisk til alle planar som gir risiko for tap av artsmangfald
- ikkje tillata nedbygging av myr
- innføra tiltak for å redde vipa, som belønningsordning for å merka vipereir

1.3 Byutvikling i Bryne

For handel og trivsel er det viktig med ei gjennomtenkt og god utvikling av Bryne sentrum. Me vil utvikla ein moderne by, samtidig som me tek vare på historia vår og vernar kulturminne. Kulturminna er ikkje-fornybare ressursar som bidreg til identitet, særpreg og historieforståing.

Time Venstre vil:

- vidareutvikla eit bysentrum for allsidig aktivitet
- gjera Storgata til gågate
- at Bryne Torg skal vera gratis å nytta til kulturformål og handel
- verna om dei grønne lungene i Bryne
- leggja til rette for eit grønt og bilfritt sentrum
- gjera det enkelt å reisa kollektivt til Bryne
- at området mellom Rosseland skule og Timehallen skal nyttast til skule- og idrettsformål

1.4 Samferdsle

For å gjera det mogleg å ta grønne val i kvardagen, må det finnast reelle alternativ til bilen. Time Venstre vil støtta alle tiltak som fører til auka bruk av kollektivtrafikk, og at ein vel sykkelen framfor privatbilen.

Time Venstre vil:

- at kommunens bilpark skal vera fossilfri
- byggja fleire ladestasjonar i kommunen
- leggja til rette for ladestasjonar for elsyklar
- at kommunen også skal ta i bruk elsyklar som alternativ til tenestebilar
- etablera ein kommunal bil- og sykkelpool, der kommunens kjøretøy kan bli nytta av kommunens tilsette og innbyggjarar
- få etablert sykkelhotell i tilknytning til Bryne stasjon, med trygg og tørr sykkelparkering
- arbeida for utlånssyklar, også el-syklar, i Bryne sentrum

- sikra samanhengande gang- og sykkelveggar, med delt felt for sykkel/ fotgjengar
- arbeida for fleire bussavgangar til Kverneland, Lye, Hognestad og Undheim
- ta initiativ til prøveordningar med elektriske, sjølvgåande matebussar
- ta initiativ til å få etablert «Hentmeg»-ordning også i Time
- arbeida for at elevar i grunnskulen skal kunna nytta kollektivtilbod gratis i skuletida
- seia nei til bygging av fjellhall under Bryne
- godta avgrensa bruk av bompengar til omkøyringsveg på Kverneland og til prosjekt som styrkar trafikktryggleiken, gang- og sykkelveggar og kollektivtilbodet.

2. Læring og utvikling

Skule og barnehage skal vera ein arena for læring og personleg utvikling for alle, der alle blir sett, kan kjenna seg trygge og få utvikla potensialet i seg.

2.1 Barnehage

Venstre vil ha barnehagar med god kvalitet for alle barn. Me treng barnehagar med både mannlege og kvinnelege tilsette, og med få menn i barnehagane i Time vert det spesielt viktig å arbeida for å rekruttera fleire menn.

Time Venstre vil:

- ha fokus på god kvalitet i barnehagane og tidleg innsats
- at barnehagane rekrutterer personell med pedagogisk utdanning
- støtta vidare kvalifisering og etterutdanning for tilsette i barnehagane
- vidareutvikla god praksis i barnehagen i samarbeid med kompetansemiljø som UiS
- rekruttera fleire menn til arbeid i barnehagane, med mål om å auka andelen til 20%
- sørgja for at dei som arbeidar i barnehagen, har kompetanse på å handtere mobbing
- at barnehagane skal ha høg kompetanse på barns språkutvikling, slik at dei raskt kan setja inn tiltak og sikra at barn får utvikla eit rikt ordforråd.
- ha ekstra oppfølging av fleirspråklege barn for å sikra god språkstimulering på norsk
- styrka handlingskompetansen til dei tilsette når det gjeld å avdekka misbruk av barn
- ha god kommunikasjon og samarbeid mellom barnehagar, skule, PPT, barnevern og helsesektoren for tidleg å avdekka utfordringar og finna gode løysingar for borna, med eit særskilt blikk for sårbare og utsette barn
- auka bevisstheita rundt korleis måltidet kan brukast som ein viktig pedagogisk arena

2.2 Skule

Venstre ønsker ein skule for kunnskap og like moglegheiter. Ein liberal skulepolitikk legg til grunn at ingen elevar er like, samstundes som me har ambisjonar for kvar einaste elev. Me vil gje skulane stor fridom til å leggja til rette undervisninga, slik at alle elevar får den same sjansen til å utnytta sine evner uavhengig av bustad og sosial og kulturell bakgrunn.

Time Venstre vil:

- gjeninnføre klassens time
- støtta systematisk etter- og vidareutdanning av lærarar
- få fleire lærarspesialistar
- tilretteleggja betre for at lærarar kan undervise i same fag på fleire skular, som t.d framandspråk og musikk
- unngå unødvendig byråkratisering og leggja til rette for at lærarane bruker mest mogleg av tida til undervisning
- at skulane ikkje skal bli pålagt fleire kartleggingar enn dei som er bestemte nasjonalt

- prioritera tidleg innsats
- oppmuntra til meir leikbasert og variert læring for 5-6-åringar
- auka arealnorma for dei minste i skulen i nye skulebygg
- auka kompetansen i begynnaropplæringa, mellom anna ved bruka lærarspesialistordninga
- arbeida for ein meir yrkesretta ungdomsskule
- arbeida målretta for å styrka lesekompetanse, evne til kritisk refleksjon og kjeldekritikk hos elevane
- vidareutvikla god praksis i undervisninga ved aktivt søkja forskingssamarbeid med UiS
- ha nulltoleranse for mobbing i skulen
- styrka skule-heim samarbeid
- styrka skulehelsetenesta, spesielt med tanke på arbeid med psykisk helse
- ha auka nærvær av PPT på skulane, med tettare oppfølging av elevar og fagleg støtte til personalet
- styrka skulane sine driftsbudsjett og skapa rom for tiltak som for eksempel fleire ekskursjonar
- arbeida for sams lønspolitikk i Jærskulen
- at alle skulane skal ha gode uteområde som legg opp til aktivitet både i friminutta og etter skuletid
- at alle elevar får gode læremiddel på nynorsk, også digitale
- styrka laget rundt læraren, og rekruttera fleire yrkesgrupper inn i skulen, som sosionomar, vernepleiarar og skulepsykologar
- sikra god kvalitet i innhaldet i SFO

3. Velferd

Alle i Time skal vera trygge på at dei får eit godt velferdstilbod der den einskilde vert sett i sentrum.

3.1 Folkehelse og inkludering

Time skal vera ein kommune der alle kan delta, uavhengig av funksjonsvariasjonar.

Time Venstre vil:

- at brukaren sjølv får styra tilbodet med BPA (brukerstyrt personleg assistanse), for å sikra likeverdig deltaking i samfunnet for alle at det vert det likestillingsverktøyet det er meint å vera
- auka bevisstheita om kva tiltak som kan redusera talet på unge uføre
- satsa på førebygging ved bruk av helsesjukepleiarar, mellom anna med heimebesøk og god rettleiing for foreldre
- støtta opp under lag og organisasjonar som gjer ein innsats innafor alle delar av helse- og omsorgssektoren
- auka talet på varig tilrettelagte arbeidsplassar
- samarbeida med lokalt næringsliv og frivillige organisasjonar for å leggja til rette for alternative praksisplassar og arbeidstrening for ungdom
- at kommunen skal vera open for å rekruttera unge med «hol i CV-en», og gje dei som står utafor arbeidslivet moglegheit til praksis og kvalifisering
- vidareutvikla og marknadsføra turløyper i nærområda

3.2 Omsorg

Innbyggjarane i Time kommune skal få nødvendige helse- og omsorgstenester når dei treng det. Time Venstre vil utvikla ei framtidsretta teneste med eit berekraftig kostnadsnivå for å møte eldrebølgja, og auka bevisstheita om korleis ein kan nytta ressursane best mogleg.

Time Venstre vil:

- auka digitalisering av arbeidsprosessar og bruk av velferdsteknologi
- yta nok hjelp til familiar med heimebuande barn/ungdom med store hjelpebehov
- ta i bruk velferdsteknologi slik at ein kan bu lenger i eigen heim
- ha gode avlastningsordningar og tilby korttidsopphald i institusjon
- ha eit godt dag- og aktivitetstilbod for alle brukargrupper
- følgja opp dei mange som vert ramma av demens gjennom fleire dagaktivitetsplassar, tilpassa butilbod og auka kunnskap og kompetanse
- inngå samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen om å bli eit demensvennleg samfunn
- etablera fleire omsorgsbustader
- styrka tilbod om lindrande behandling

- vera positiv til alternative arbeidsturnusar dersom arbeidstakarar ønsker dette
- ha heile stillingar og større stillingsbrøkar

3.3 Bustadsosiale tiltak

Det å ha ein trygg stad å bu er viktig for å kunna fungera i samfunnet for øvrig. Time Venstre ønsker at alle skal ha høve til å bu i eigen bustad og at dei som treng det skal få hjelp til å koma inn på bustadmarknaden anten ved kjøp eller leige av bustad gjennom kommunen.

Time Venstre vil:

- at ein har ein aktiv eigedomspolitik på kommunale bustadar, dette inkluderer både bygging, kjøp og sal av eigedomar
- at ein legg inn krav til kommunal forkjøpsrett til leilegheiter i nye utbyggingsprosjekt
- at kommunen eig leilegheiter av ulik storleik
- at kommunen kan tilby rusfrie bumiljø til rusavhengige som ønsker eit liv utan rus
- at ein støttar opp initiativ med privateigde omsorgsbustadar med kommunal bemanning
- byggja fleire sjølveigarbustadar
- leggja til rette for sjølvbyggartomter for førstegangsetablerarar
- gje leigetakarar moglegheit til å overta kommunal bustad ved å la leige fungera som nedbetaling
- at kommunen har gode rammer for startlån, slik at dei som har problem med å få vanleg banklån, kan få lån til eigen bustad

3.4 Psykiatri og rusomsorg

Menneske i alle lag kan rammast av psykisk sjukdom og rusproblem, og det er viktig å driva førebyggjande arbeid. Når tiltak må setjast inn, vil Time Venstre ha tilbod tilpassa den enkelte sine behov.

Time Venstre vil:

- fortsetja å støtta Veiledningssenteret for pårørende og lågterskeltilbodet Funkishuset i Sandnes
- ha fokus på rusførebygging blant ungdom gjennom samarbeid mellom heim, skule, barnevern og politi
- vidareføra det positive arbeidet til Natteravnane
- at skulehelsetenesta bidreg med å spreia kunnskap om psykisk helse gjennom nærvær i skulane og har fokus på tidleg innsats til ungdom som slit psykisk
- at kommunen skal kunna gi raskt tilbod om psykiatrisk hjelp, spesielt til ungdom
- arbeida for god oppfølging av ruspasientar og yta bistand som butilbod, buoppfølging, yrkesretteiing og praksisplassar

4. Næringsliv: eit kreativt og verdiskapande Time

Time Venstre vil leggja til rette for eit nyskapande næringsliv som skapar verdiar, arbeidsplassar og grøn vekst.

4.1 Nyskapande næringsliv

Time Venstre vil:

- leggja til rette for godt samarbeid mellom skular, kommune og næringsliv
- tilby etablerarstipend for dei som skapar nye arbeidsplassar
- inngå regionalt samarbeid for å tilby god rettleiingsteneste til gründarar, inkludert juridisk bistand
- redusera og forenkla sakshandsaminga, slik at gründarar skal få gjennomført sine idéar utan å mista for mykje tid i byråkrati
- støtta nettverk for kvinneleg gründarar
- arbeida for at små verksemder skal kunna etablera seg på fleire stader i heile kommunen
- at skjenkeløyve skal vera lett å få, men også lett å mista

4.2 Grønt landbruk

Time Venstre vil:

- sikra rammevilkår og bærekraft for landbruket
- vera opne for at tome låvar skal kunne nyttast til næringsformål
- leggja til rette for produktutvikling og løfta fram lokal mat
- ha fokus på kortreist mat, og at kommunen prioriterer lokalt produsert mat i kommunale innkjøp
- arbeida for gode klimaløysingar og grønt skifte i landbruket i samarbeid med forskingsmiljø
- fremja bruk av ny teknologi og nye løysingar
- at kommunen skal yta god service, i samarbeid med fagmiljø og landbruksorganisasjonar
- at landbruket skal prioritera helse, miljø og dyrevelferd

5. Aktiv fritid

Frivillig arbeid er bærebjelken for ei aktiv fritid i Time. Venstre vil støtta opp under den frivillige sektoren og arbeida for langsiktige og trygge inntektskjelder. Offentlege støtteordningar må støtta opp under organisasjonane sin fridom og sjølvstende, og ikkje bidra til å byråkratisere dei.

5.1 Idrett

Idrett skapar trivsel, sosialt nettverk og folkehelse, og er svært viktig for mange unge og vaksne Timebuar. Time Venstre vil sikra alle unge i kommunen tilgang på eit variert idrettstilbod.

Time Venstre vil:

- satsa på breddeidrett
- støtta tilrettelegging av samlingsstader for uorganisert idrett
- arbeida vidare for utvikling av ein idrettscampus i området ved Timehallen
- ha fleire idrettsbanar i Bryne
- halda fram inkluderingsarbeid i idretten, slik at alle barn kan delta på minst ein organisert aktivitet

5.2 Kultur

Kunst og kultur har ein verdi i seg sjølv, og må få operera fritt. Tilgang til eit mangfaldig kulturliv er eit viktig gode, og Time Venstre vil støtta opp om private og frivillige initiativ.

Time Venstre vil:

- innføra fritidskort som sikrar alle unge tilgang til fritidsaktivitetar innan idrett og kultur
- auka støtta til arbeid for og blant barn og unge
- sikra Kulturskulen nye, eigna lokale
- følgja opp arbeid med å vidareutvikle Storstova
- arbeida for kortare ventelister, utvida aldersgrenser og lågare eigenandel i kulturskulen
- kombinera småstillingar i kulturskulen med undervisning i grunnskulen
- ta godt vare på kulturbygga og vidareutvikla innhaldet i kulturinstitusjonane i kommunen
- gjera ei kartlegging av alle øvingslokala som blir brukt i kommunen, og evaluera bruk og tilrettelegging av desse
- at kulturminnenemnda skal ha ei viktig rolle i arbeidet med å utvikla ny plan for kulturvern og kulturminneplan

- støtta opp om viktige festivalar i kommunen, som Jærnåtta, og arbeida for å utvikla nye, som Haugtussaspel
- bidra til informasjonstavler og kart/brosjyremateriell for å nå ut med informasjon om kulturminne i kommunen
- arbeida for fremja Jæren som ein attraktiv lokalitet for filmproduksjon
- vidareutvikla Time bibliotek som ein lokal møtearena, som også har utstyr for å driva med skaparverkstad-aktivitet

5.3 Friluftsliv

Friluftsliv har i lange tider vore ein viktig del av det norske levesettet. Å sansa naturen vi har i nærmiljøet er viktig for både kropp og sjel. Det er rekreasjon, trening og kanskje den beste førebygginga av god helse.

Time Venstre vil:

- leggja til rette for aktivt friluftsliv gjennom turløyper og nærmiljøanlegg
- tilretteleggja for barn og ungdom i skog og mark
- støtta initiativ frå Bryne Speidergruppe om å få bygd gapahuk i Sandtangen
- støtte Frilager for å sikre at alle kan ha tilgang til utstyr og få oppleve turglede
- fylgja opp samarbeid med Jæren Friluftsråd, Brynes Vel, Jæren Skoglag og andre aktuelle aktørar, lag og organisasjonar som legg til rette for tilgang til naturopplevingar
- avgrensa motorisert ferdsel i utmark
- arbeida for badeanlegg i Frøylandsvatnet
- få etablert toalett i populære turområde, som Sandtangen og ved Midgardsormen
- seia nei til utbygging av nye vindkraftprosjekt i urørt natur

6. På lag med framtida

Time Venstre ønsker eit opent og engasjerande demokrati der alle stemmer blir høyrde. Time kommune skal vera prega av openheit rundt alle prosessar og vedtak.

6.1 Lokaldemokrati

Time Venstre vil:

- senka stemmerettsalderen til 16 år
- støtte innføring av ungdomsråd og sikra dei reell medverknad
- innføra «open mikrofon» før alle kommunestyremøta
- at kommunale planar og skjema skal vera enkle å finna og enkle å forstå
- unngå unødvendig byråkrati og sikre kort og effektiv sakshandsamingstid
- at utarbeiding av planar skal vere opne prosessar med høg grad av innbyggjarinvolvering. Lag, organisasjonar og innbyggjarar skal inviterast til innspelsmøter.

6.2 Sunn økonomi

Time Venstre vil føra ein ansvarleg og langsiktig økonomisk politikk.

Time Venstre vil:

- ta ansvar for at kommunen har ein sunn økonomi og er rusta for utfordringar som kjem
- unngå eigedomsskatt så lenge det ikkje er nødvendig for det kommunale tenestenivået
- arbeida for at ein vel grønne og rettferdige alternativ i innkjøp av varer og tenester i kommunen
- ha ein gjennomgang av alle kommunale investeringar for å sikra etisk og miljøvennleg plassering i fond

6.3 Samarbeid på Jæren

For Time Venstre er det viktigaste å sikra gode tilbod og løysingar for innbyggjarane i framtida, og me er positive til å sikra dette i lag med nabokommunane våre. Me ønsker å vidareutvikla samarbeid på tvers av kommunegrensene for å sikre gode kompetansmiljø og tilbod.

Time Venstre vil:

- arbeida for at Time og Klepp slår seg saman til ein kommune

7. Sosialt ansvar og fattigdom

Time Venstre vil:

- framleis ta imot flyktningar, og arbeida med å integrera desse
- få fleire med innvandrarbakgrunn i arbeid, mellom anna gjennom mentorordning, språkopplæring og aktiv rekruttering
- ha spesielt fokus på barn i låginntektsfamiliar, ved å følgja opp at barnefattigdom forblir eit prioritert område i økonomiplanen
- seia nei til tiggeforbod
- innføra gratis kjernetid i barnehage og gratis SFO for låginntektsfamiliar